UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for samfunnsmedisinske fag

Fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
Kin	15.03.2011

Skifte av Programutvalsleiar i samband med forskingstermin

Leiar i Programutval for helsefag, Målfrid Råheim, har fått innvilga forskningstermin i tidsrommet haust 2011 og vår 2012. I hennar fråvær har Una Ø. Sølvik sagt seg villig til å stille som leiar i denne perioden. Programutvalet i helsefag har i møtet 2. februar 2011 einstemmig gått inn for å støtte at Una Ø. Sølvik blir oppnevnt til dette vervet.

Una Ø. Sølvik er programkoordinator for Studieretning RAB-fag og er medlem i Programutval for helsefag. Før PU vart oppretta var ho medlem av Fellesgruppa, Masterprogram i helsefag, som koordinerte arbeidet med felles studiedel og overordna saker knytt til studieprogrammet. Ho har delteke i det gruppe- og nettbaserte undervisningsopplegget i emne HEL320 Forskingsmetode og – etikk i ei årrekke, og likeeins på større seminar knytt til evaluering av felles studiedel. Sølvik kjenner godt til heile Masterprogram i helsefag og er godt integrert i helsefagstaben. Sølvik har dessuten representert helsefag i viktige fora utanfor vår institusjon ved fleire høve. Ho vil difor vere godt rusta for å ta over vervet.

Vi håpar sterkt at fakultetstyret vil oppnevne Una Ø. Sølvik som Programutvalsleiar for denne perioden.

Målfrid Råheim	Kirsti Nordstrand
Leiar i Programutval for helsefag	Programutvalssekretær

Kopi
Kristin Walter

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for samfunnsmedisinske fag	Postadresse	Besøksadresse	Saksbehandler
Telefon 55586100	Postboks 7804	Kalfarveien 31	Randi May Oen
Telefaks 55586130	5020 Bergen	Bergen	55586199
post@isf.uib.no			